

# Møteprotokoll

**Utval:** Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

**Møtestad:** Hos «Utstopparen», Jølster

**Dato:** 08.11.2017

**Tidspunkt:** 10:00-13:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	
Håkon Myrvang	Medlem	
Leidulf Rygge Bogstad	Medlem	
Gunhild Berge Stang	Medlem	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iris Loftheim	MEDL	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 14/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 15/2017	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
RS 2/2017	Orienteringssaker		
RS 3/2017	Orientering om status på tiltak og tiltaksmidlar for 2017		
RS 4/2017	Miljødirektoratet si avgjerd i klagesak om gjetarhytte		
ST 16/2017	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - retningslinjer for droner		2017/1199
ST 17/2017	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om riving og oppføring av naust - Fitje sameige		2015/1355
RS 5/2017	Besøksstrategi		
ST 18/2017	Eventuelt		

## **ST 14/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 14/2017 - 08.11.2017**

Tillegg til sakliste under ST18/2017 Eventuelt.

- Sak om bruk av tiltaksmidlar

### **Vedtak**

Med det tillegget vart innkalling og sakliste godkjent.

## **ST 15/2017 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

### **Framlegg til vedtak:**

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 15/2017 - 08.11.2017**

### **Vedtak**

Protokoll frå styremøta 1/2017 og 2/2017 vart godkjent og signert av styret.

## RS 2/2017 Orienteringssaker

- Bygdeservice AS og Ola Arnestad fekk løyve til å bruke båt med påhengsmotor på Langedalsvatnet i starten av juni, i samband med byggearbeid på ei hytta. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Indre Sunnfjord turlag fekk løyve til å lande med helikopter ved Longevasshytta i slutten av august. Føremålet med transporten var møblar, utstyr og forsyningar til «nyopning» av hytta etter utvidinga. Løyvet vart gjeve på delegert mynde og etter ein god dialog med villreininteressene og søkjar.
- Fitje Sameige fekk løyve til å bruke båt med motor til å frakte materialar til eit naust i Langedalen. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Audun Rygg har sendt nokre brev til verneområdestyret og Miljødirektoratet no i sommar. Rygg har tidlegare søkt om, og fått avslag på, å bygge opp att fjøs med loft på gamle fjøstuffer på Dalsbøen i Gloppen. Rygg har no sagt at han vil søkje om å bygge hytte/sel på same tuftene. Han har i to brev fått beskjed om at han då må skrive ein skikkeleg søknad og kva den må innehalde. Han har og i begge breva blitt rådd til å heller sette i stand det selet som han allereie har på Dalsbøen.
- Reinsdyrjakta i Førdefjella er ferdig. Vi har ikkje fått rapport enno, men etter det vi «erfarer» so vart alle løyva felt.  
I Førdefjella er det per i dag ikkje sett i verk tiltak i samband med CWD / skrantesjuke.
- Forvaltar har blitt kontakta av ein lærar på linja for Klima og Miljø på Firda vgs. Vi skal få til eit lite undervisningsopplegg om tema som naturvern og naturforvaltning. Truleg vert dette utpå vårparten.
- I framlegg til statsbudsjett frå Regjeringa er det lagt inn 74 MNOK i post 1420.31 – Tiltak i verna natur. Det er meir enn det har vore siste åra, og det kan gje håp om god tildeling av tiltaksmidlar.

## RS 3/2017 Orientering om status på tiltak og tiltaksmidler for 2017

Tiltak	Avsett sum	Status
Geitabykset	300.000	Under prosjektering. Vi legg ein plan for korleis vi kan gjere so mykje som muleg av investeringar i materialar og arbeid no i 2017.
Stien langs Stegsvatnet	50.000	Grunneigarane har gjort ein stor innsats, og har gitt seg for i år. Om lag ¾ ferdig.
Skjøtsel Arnestadstøylen	10.000	Ferdig utført.
Sti Arnestadstøylen	24.000	Ferdig utført.
Nye «løveskilt»	10.000	Innkjøpt. Ligger på kontoret klart til å bytte ut dei som er øydelagte.
Stiltak	66.000	Bygdeservice AS er sett i gang med å legge kloppar i Gjengedalen.

## RS 4/2017 Miljødirektoratet si avgjerd i klagesak om gjetarhytte

Verneområdestyret gav tidlegare i år Dag Bakketun og Risbotnen beitelag løyve til å bygge gjetarhytte i fjellet innanfor Risbotnen i Gloppen. Villreinnemnda klaga på vedtaket då dei meinte det ikkje var teke nok omsyn til villrein og villreinen sin bruk av dette området. Verneområdestyret opprettheldt sitt vedtak og saka vart sendt vidare til Miljødirektoratet for klagehandsaming.

Miljødirektoratet har no fatta si avgjerd i saka. Dei har omgjort vedtaket til verneområdestyret og dermed trekt tilbake løyvet til bygging. Direktoratet meiner at verneområdeforvaltar og -styre har tolka regelverket feil og at det ikkje er heimelsgrunnlag for å gje løyve til bygging av denne gjetarhytta.

Slik Miljødirektoratet ser det må det vere hytteeigaren/grunneigaren si landbruksdrift som må leggest til grunn, når forvaltninga skal vurdere om ei slik gjetarhytte er «[...] naudsynt i samband med landbruksdrift [...]». Grunneigar Bakketun har ikkje beitedyr sjølv, og det at beiteretten er leigd vekk oppfyller i følge direktoratet ikkje dette kravet til landbruksdrift.

I handsaminga av klagen kan Miljødirektoratet prøve alle sider av saka, inkludert heimelsgrunnlaget. Sidan dei vurderte det slik at heimelsgrunnlaget ikkje er til stades, og gjorde om vedtaket grunna det, so har dei ikkje vurdert omsynet til villreinen som klagen dreia seg om.

Avgjerda til Miljødirektoratet er endeleg og kan ikkje klagast på.

Utval	Utvallssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	16/2017	08.11.2017

## Retningslinjer for drone

### Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 16/2017 - 08.11.2017

#### Handsaming i møte:

Styret vil ha ei restriktiv haldning til bruk av drone i landskapsvernområdet. Dette mellom anna for å beskytte brukarane av området for sjenerande støy og uro.

Til visse føremål skal det likevel vere opning for å gje løyve til avgrensa bruk av drone:

- I samband med beitebruk
- Tilsyn og inspeksjon
- Forskningsføremål
- Produksjon av film og bilete som fremjar verneverdiane.

I slike tilfelle kan verneområdeforvaltar handsame saker med delegert mynde, jamfør delegeringsvedtak ST 34/15.

Andre saker skal leggast fram for styret.

Det vert ikkje gjeve løyve til rein rekreasjonsbruk av drone inne i landskapsvernområdet.

#### Vedtak

Verneområdeforvaltaren lagar framlegg til retningslinjer for handsaming av dronesaker som vert lagt fram for styret i neste styremøte.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn

Bruken av ulike typar droner har eksplodert dei siste åre, og droner har meir eller mindre blitt allemannseige. Droner vert brukt til alt frå reine leikety, via filmproduksjon og foto, til inspeksjon av infrastruktur og liknande. Særleg i samband med film og foto ynskjer mange å bruke droner i naturen, både i verna natur og utanfor verneområde.

Verneforskrifter og andre regelverk er som regel skrivne og vedtekne før dette med droner kom på bana. Vi har derfor ikkje oppdaterte regelverk som kan regulere bruken av droner og sakshandsaming i samband med eventuelle søknader om bruk av drone i verneområdet.

I nokre nasjonalparkar og verneområde har det vore mange saker om dronebruk. No ser vi at dei første spørsmåla byrjar å kome her i samband med Naustdal-Gjengedal og. Verneområdestyret bør derfor utarbeide nokre retningslinjer for korleis slike saker skal handsamast.

### Regelverket

Droner står ikkje nemnd i verneforskrifta. Men der er likevel nokre reglar som gjeld for droner og for liknande farkostar:

#### § 3. Vernereglar

*5.1. Motorferdsel er forbode både på land og på vatn, inkludert landing med fly og helikopter. Forbodet gjeld også bruk av modellfly, modellbåt og liknande dersom dei har motor.*

*6.2. Unødig støy er forbode.*

Droner fell inn under det generelle forbodet mot motorferdsel i pkt 5.1, sidan dei fell inn under definisjonen «modellfly, modellbåt og liknande». Bruk av drone må derfor handsamast på same måte som anna motorferdsel, til dømes bruk av helikopter.

Droner vert derimot ikkje rekna som motorferdsel i utmark etter Lov om motorferdsel i utmark. Men det er laga ei eiga forskrift som gjeld for bruk av «luftfartøy som ikkje har fører om bord mv., som regulerer bruk av drone.

I verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal er det ikkje forbod mot lågtflyging. Det er altså ikkje forbod mot å fly inn over området, forbodet gjeld landing og å ta av frå bakken i verneområdet. Dette vil og gjelde for droner; det er lov å fly inn over verneområdet, so lenge ein tar av og landar utanfor.

Der er nokre generelle dispensasjonar frå forbodet mot motorferdsel i Naustdal-Gjengedal. Av desse er det to som kan vere aktuelle når det gjeld dronebruk; i samband med berging og uttransport av skada beitedyr, og i samband med redningsoppdrag og liknande. Til desse føremåla vil det ikkje vere naudsynt å søke om å bruke drone. Vi kan og her legge til dronebruk på oppdrag for forvaltninga, som vil ha generell dispensasjon.

So er der ein del tilfeller der forvaltningsstyresmakta har heimel til å gje løyve til motorferdsel. I all hovudsak gjeld dette ulike typar transport, og ikkje aktuelt for droner.

Dei aller fleste søknader om bruk av drone må ein derfor vurdere etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. Og då er første ledd og første alternativ som er mest aktuell;

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, [...]»*

### **Handsaming i styret**

Verneområdestyret må gjere nokre vurderingar og legge nokre retningsliner gjeldande bruk av drone i verneområdet:

- I kva grad er droner i strid med verneføremål og verneverdiar?
- Vil det vere aktuelt å gje løyve til bruk av drone til visse føremål?
- Kva føremål skal det i so fall gjelde for?
- Kva vilkår bør leggest for eventuelle løyver?
- Sakshandsaming.

### ***I kva grad er droner i strid med verneføremål og verneverdiar?***

Føremålet med vernet av Naustdal-Gjengedal LVO finn vi i verneforskrifta § 2:

*Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.*

Av det som står her bør ein merke seg at utøving av friluftsliv er nemnt. Ein bør og hugse på det som står i verneforskrifta om at unødig støy er forbode. Slik verneområdeforvaltaren vurderer det, vil bruk av drone som forstyrrar friluftsliv vere i strid med verneføremålet. Og likeins vil unødig bruk av drone utan noko «fornuftig» føremål, til dømes som leikety, og vere i strid med verneforskrifta si føresegn om støy. Men på visse vilkår som tek omsyn til andre brukarar, og so lenge det er eit «fornuftig» og naturleg føremål bak bruken av drone, so vurderer eg det slik at avgrensa bruk av drone ikkje er i strid med verneføremålet.

I tillegg må det gjerast vurderingar i kvart enkelt tilfelle opp mot naturmangfaldlova § 8-12.



### ***Vil det vere aktuelt å gje løyve til bruk av drone til visse føremål?***

Det er eit spørsmål som styret må ta stilling til. Det er som sagt opning for å opne for ein viss bruk av drone. Men ein har og heimel til å seie nei til det meste av dronebruk dersom styret meiner det er det rette.

### ***Kva føremål skal det i so fall gjelde for?***

Her må styret i so fall sette opp nokre retningslinjer.

Vi kan sjå føre oss ulike føremål med dronebruk:

- Reklame
- Marknadsføring av destinasjon
- Naturprogram
- Filme opplevingar og friluftsliv
- Leik og moro
- Søk etter beitedyr og anna dyreliv
- Arrangement
- Forsking
- Underhaldningsprogram/film/tv-produksjon

Det seier seg sjølv at ein ikkje kan opne for alle desse føremåla. Ein må derfor finne ut korleis ein kan/bør avgrense det.

Andre nasjonalparker og verneområde har gjort eit skilje på kva som skal presenterast gjennom dronofilm. Der ein kan gje løyve til dronofilm der ein skal presentere eller formidle sjølve verneområdet og naturen der og det er den som er i fokus. Medan ein ikkje gjev løyve til dronofilm der til dømes ekstremспорт, aktivitet, eit produkt eller eit arrangement er i fokus.

Eg vil og meine at forskning og søk etter beitedyr er noko ein bør kunne gje løyve til.

### ***Vilkår***

Ved eventuelle løyve til bruk av drone, bør det leggjast ved nokre vilkår som sikrar at bruken vert innanfor visse rammer og ikkje har negativ innverknad på andre brukarar eller sårbare naturverdiar.

Dømer:

- Unngå helgar og heilag dagar når det er flest friluftsbukarar ute.
- Minne om forskrifta for droner og liknande.
- Unngå hekketida for fugl.
- Unngå kalvingsområde og -tid for villrein.
- Rapport til forvaltninga etterpå.

### ***Sakshandsaming***

Bruk av drone må normalt søkjast om med mindre det fell under dei føremåla som har generell dispensasjon i verneforskrifta. Søknadsprosessen vil vere som ved anna motorferdsel. Enkel og grei søknad som gjev dei naudsynte opplysningane vert sendt til Fylkesmannen sitt postmottak eller til verneområdeforvaltar. Søknad må vere skriftleg. Med vedtekne retningsliner for desse søknadane kan verneområdeforvaltar handsame dei fleste søknader etter delegert mynde. Tvilstilfeller og større prinsipielle saker bør leggest fram for styret.

Søkjarar bør planlegge godt og søkje i god tid.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	17/2017	08.11.2017

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om riving og oppføring av naust - Fitje sameige

### Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 17/2017 - 08.11.2017

#### Vedtak

Fitje sameige får løyve til å rive eit gammalt naust og bygge opp nytt naust ved Langedalsvatnet i Gloppen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 b) og d) og gjeld på følgjande vilkår:

- Naustet skal vere i tråd med søknad og vedlagte teikningar/skisser. Flatemål skal ikkje vere større enn 3,6 x 7,25 m og mønehøgde ikkje over 3,4 m.
- Naustet skal ha liggande kledning på langveggane og ståande på kortveggane. Det skal ikkje brukast villmarkspanel og veggane skal ikkje behandlast. På taket kan det vere torvtak.
- Søkjaren er sjølv ansvarleg for å ha naudsynt løyve til tiltaket etter plan- og bygningslova og andre relevante lovverk.
- Dette løyvet gjeld i tre år. Dersom naustet ikkje er bygd då, må det eventuelt søkjast på nytt.
- Søkjaren skal rydde skikkeleg opp på byggeplassen etter at arbeidet er avslutta.
- Tiltaket skal dokumenterast med bilete og ein kort rapport, eventuelt med synfaring.

## **Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar:**

Fitje sameige får løyve til å rive eit gammalt naust og bygge opp nytt naust ved Langedalsvatnet i Gloppen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 b) og d) og gjeld på følgjande vilkår:

- Naustet skal vere i tråd med søknad og vedlagte teikningar/skisser. Flatemål skal ikkje vere større enn 3,6 x 7,25 m og mønehøgde ikkje over 3,4 m.
- Naustet skal ha liggande kledning på langveggane og ståande på kortveggane. Det skal ikkje brukast villmarkspanel og veggane skal ikkje behandlast. På taket kan det vere torvtak.
- Søkjaren er sjølv ansvarleg for å ha naudsynt løyve til tiltaket etter plan- og bygningslova og andre relevante lovverk.
- Dette løyvet gjeld i tre år. Dersom naustet ikkje er bygd då, må det eventuelt søkjast på nytt.
- Søkjaren skal rydde skikkeleg opp på byggeplassen etter at arbeidet er avslutta.
- Tiltaket skal dokumenterast med bilete og ein kort rapport, eventuelt med synfaring.

## **Saksutgreiing**

### **Dokument i saka:**

- Søknad om riving og oppføring av naust
- Kart som syner plassering
- Teikningar av naustet
- Bilete av det naustet som står i dag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

### **Søknaden**

Fitje Sameige har eit felles naust ved Langedalsvatnet. Dette naustet er ved dårleg forfatning og treng rehabilitering. Naustet er prega av fleire år med forfall, og i tillegg fekk grunnen som naustet står på skadar i flaumen etter Dagmar-uveret i 2011. Etter dette er det gjort midlertidige reperasjonar og sikring for berge bygningen, men den er per i dag omtrent ubrukeleg. Fitje Sameige søkjer derfor no om løyve til å rive naustet og bygge opp att eit liknande naust.

Naustet er i dag på 6 x 3,5 m. Dette er for lite for å dekke behovet som sameiga har. Fitje Sameige har fiksa opp att ein gammal felles støylsbåt; *Tausebåten*, som dei gjerne vil ha i naustet. Denne var ein felles båt som støylsjentene brukte til og frå støylen om sommaren. Båten er 6 m lang, og dersom dei skal få plass til å lagre båten i naustet må naustet vere større enn det er i dag. Sameiga søkjer derfor om å få bygge opp att eit naust som er litt lenger enn det som er i dag, men elles med relativt lik utsjånad.

Naustet som sameiga søker om å føre opp skal vere 7,25 x 3,6 m i flatemål. Høgda vert 3,4 m oppe på møne. Reisverket skal vere tradisjonelt grindverk. Langveggane skal ha liggande kledning og endeveggane ståande kledning. Grunnmuren vert av stadeigen stein, og taket vert torvtak. Naustet skal ikkje beisast eller målast. Naustet skal ha opning utan dør fram mot vatnet lik den som er i dag.

Det bør nemnast at Fitje sameige søkte om eit liknande tiltak i 2015. Då søkte dei om å bygge eit vesentleg større naust. Dei fekk då råd frå fylkeskommunen si kulturavdeling om å søke støtte frå kulturminnefondet til å restaurere det gamle naustet framfor å rive det, og heller bygge eit nytt naust i nærleiken til Tausebåten. Sameiga undersøkte mogelegheita for å søkje til kulturminnefondet, men slo det frå seg. I staden har dei kome fram til denne løysinga som dei no søker om.

### **Verneforskrift og regelverk**

Ombygging av bygningar og oppføring av nye bygningar er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til dette jamfør verneforskrifta § 3 pkt 1.3 b) og d):

#### *1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

- b) Oppattbygging av gamle stølshus som har ramla ned eller bygningar som er skada ved brann eller naturskade.*
- d) Oppføring av naust for grunneigarar som har bruksrett i området. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*

Det er litt uklart kva for ein av desse føresegnene i verneforskrifta dette tiltaket fell under. Tiltaket vert likevel vurdert til å vere innanfor det som styresmakta har heimel til å gje løyve til etter ei heilskapleg vurdering av fleire føresegner. Styret har altso heimel i verneforskrifta til å gje løyve til det tiltaket som det her er søkt om, so lenge utvidinga er i tråd med tradisjonell byggeskikk.

Søkjaren er sjølv ansvarleg for å få på plass naudsynte løyve frå andre instansar, til dømes byggeløyve frå kommunen, før arbeidet tek til.

### **Vurdering**

Forvaltninga ser positivt på at eigarar av bygningar i landskapsvernområdet vil halde bygningane sine i stand og bruke dei. Her er det og snakk om å sørgje for å ta vare på eit stykke kulturhistorie; *Tausebåten* som støylsjentene brukte då det var drift på Fitjestøylen. Denne gamle båten eig grunneigarane på Fitje i lag, og dei har nettopp restaurert den. Dei ynskjer no å ha den tilbake i Langedalen der dei tykkjer den høyrer heime.

Fellesnaustet er ganske medteke og kan ikkje brukast slik det er. Støttepunkta under svillane (i betong) står skeive og er i ferd med å sige ut. Reisverket er «lappa på» med bord her og der. Dette er ikkje haldbare løysingar på sikt. Skadar og midlertidige reperaturar føre og til at det no berre er plass til ein båt i naustet, og ikkje to slik det har vore før. Reperaturane og støttepunkta i betong er dessutan verken pene eller i tråd med tradisjonell byggeskikk.

Naustet er for lite til å romme *Tausebåten* med den storleiken det har i dag (som er ei medverkande årsak til at *Tausebåten* måtte restaurerast). Dette er årsaka til at sameiga vil bygge opp at naustet lenger enn det som er der i dag. I eit nytt naust vil det og vere plass til ein båt til, slik som det var i det gamle naustet før det vart skada.

Søknaden inneber utviding frå 21 m<sup>2</sup> grunnflate til 26,1 m<sup>2</sup>. Det er ei utviding på 24 % og derfor ikkje særleg stor utviding. Forvaltningsplanen seier at utviding normalt sett skal avgrensast til opptil 30 %.

Naustet skal ikkje verte nemneverdig breiare enn det er i dag, utvidinga skjer i lengderetninga innover i terrenget. Utvidinga vil derfor ikkje vere særleg synleg.

I Forvaltningsplanen står og at nye naust normalt sett skal avgrensast til 15 m<sup>2</sup>, men dette vert eit litt spesielt tilfelle. Både fordi det er snakk om å sikre kulturhistorie og fordi det skal erstatte ein eksisterande bygning og slik sett ikkje er heilt «nytt» naust. Det er eit fellesnaust som sameiga har i lag, og det kan derfor redusere behovet for fleire bygningar. I Langedalen er det fleire andre naust som er større enn dei nemnde 15 m<sup>2</sup>, både fellesnaust og «hyttenaust».

Naustet ligg om lag midt på vatnet i Langedalen, på austsida. Det ligg eit godt stykke frå støylsmiljøa, men i eit område med fleire andre naust. Terrenget her er litt bratt ned mot vatnet og småkupert med ein del grove steinar. Området rundt er skogkledd med lauvskog og litt einer. Naustet ligg ganske skjerma til grunna skog og terreng. Tomta er delvis grave ut i bakken, og lenger naust vil krevje litt graving. Søkjarane opplyser om at gravinga kan gjerast utan bruk av maskiner.

For å få bygge opp at naustet er det eit krav at bygget skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk. Det nye naustet er i det store og heile veldig likt det som står der i dag, men vil vere vesentleg meir solid og betre konstruert. Nokre ting vil verte endra. Dei vil bygge reisverk som grindverk, som er ein tradisjonell måte å bygge ulike typar driftsbygningar på her på våre trakter. Det gamle naustet har eit enklare reisverk. Dei vil og ha torvtak på det nye naustet, medan det var bølgeblekk på det gamle. Søkjarane opplyser om at det frå gammalt av var torvtak på dette naustet. Dei har bilete som dokumenterer det, og ein kan visstnok sjå spor etter den gamle torva rundt tomta. Dei gamle støttepunkta i betong vert fjerna og erstatta med fundament i stadeigen naturstein. Det nye naustet vert altso ikkje heilt likt det som står der no, men forvaltaren vurderer det likevel slik at det er innanfor det vi definerer som lokal byggeskikk.

Som nemnt vurderte Fitje sameige først ei anna løysing der dei kunne få midlar frå kulturminnefondet for å restaurere det gamle naustet som det er, og i tillegg bygge eit heilt nytt naust på ei ny tomt, som då kunne huse Tausebåten. Dei gjekk vekk i frå den løysinga, mellom anna fordi det var omfattande søknadsprosess og strenge vilkår for støtte frå kulturminnefondet. Dei har no landa på ei anna løysing. Denne løysinga fører ikkje til at tal bygningar i landskapsvernområdet aukar. Samstundes vert den tradisjonelle byggeskikken for naust ivareteke i stor grad, sjølv om naustet vert litt endra. Slik sett er dette etter verneområdeforvaltaren si heilskaplege vurdering ei betre løysing med omsyn til både natur- og kulturverdiar.

### **Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12**

Jamfør naturmangfaldlova (nml) §7 skal alle vedtak som kan påverke naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8) i denne saka bygger først og fremst på synfaring som forvaltar og naturoppsyn har vore på i dette området tidlegare, og dessutan på bilete og skildringar som søkjar har lagt ved søknaden. Databasen Naturbase er sjekka, og i dette området er det ikkje registrert sårbare naturverdiar som kan ta skade av tiltaket. Føre-var-prinsippet i § 9 vert ikkje vektlagt når kunnskapsgrunnlaget er so godt.

Samla belastning (jf. § 10) vil ikkje auke nemneverdig på grunn av dette tiltaket. Men i slike saker må ein alltid vurdere om ein skapar presedens som gjennom seinare saker kan auke samla belastning på området. Ein må og ta med i vurderinga at eit felles naust for felles båt vil redusere grunneigarane sitt behov for kvar sine naust og båtar. Tiltaket kan på denne måten vere med å redusere samla belastning på lengre sikt.

Søkjaren er ansvarleg for naudsynt opprydding og for eventuelle skadar på naturmiljøet som måtte oppstå i samband med byggearbeidet (jf. nml § 11). Mest skånsame lokalisering (jf. nml § 12) er valt, sidan naustet skal byggast der det gamle no står, og inngrep dermed er redusert til eit minimum.

## **RS 5/2017 Besøksstrategi**

Miljødirektoratet skal fagleg godkjenne besøksstrategien før den kan sendast ut på høyring. Eg sende det førre utkastet som styret godkjente inn til direktoratet i juni. I august fekk eg tilbakemelding på utkastet, og dei ynskte nokre endringar. Endringane var på struktur og på nokre formuleringar.

Basert på dei tilbakemeldingane vi fekk på strategidokumentet har eg gått gjennom det og gjort ein del endringar på struktur og eg har skrive om nokre formuleringar. Sjølv om ordlyden er noko endra, meiner eg at intensjonane som styret har lagt til grunn ikkje er endra. Eg har derfor sendt eit nytt utkast tilbake til Miljødirektoratet. I tillegg har eg hatt ein dialog med direktoratet om ein del av tilbakemeldingane vi fekk. Eg tykkjer vi har nærma oss kvarandre og vonar at strategidokumentet no vil verte godkjende for høyring.

## **ST 18/2017 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 18/2017 - 08.11.2017**

- **Bruk og eventuell omfordeling av tiltaksmidlar.**

Sidan vi ikkje har kome so langt med tiltaket i Geitabykset no i år som vi hadde planlagt, so har vi midlar som er satt av til Geitabykset som vi ikkje får brukt i år.

### **Vedtak**

- Vi skal snarast gjere dei investeringar knytt til Geitabykset som vi kan gjere no i 2017. Først og fremst oppdraget med prosjektering av tiltaket.
- Ein del av midlane kan overførast til andre tiltak, so lenge ein der kan gjere naudsynte investeringar no i 2017. Vi skal snart ha møte i Fagleg Rådgevande utval, og kan få gode innspel der.
- Ein del av midlane vert meldt inn til Miljødirektoratet som ubrukte restmidlar.
- Vi melder frå til Miljødirektoratet at vi er i gang med prosjektering av Geitabykset, og at vi treng meir midlar her neste år og ber og at dette vert prioritert under tildeling av tiltaksmidlar i 2018.